

# Bryggefjell og Ånto



Bryggefjell kneisar høgt nord-vest for Bø. Oppe på fjellryggen vandrar du over isskura, nesten nakne berg som minner om høg fjell. Frå Bryggefjellnuten (778 moh.) er det strålande utsyn i mange retningar, mot Lifjell og mot nedre Telemark!

## Tur til Bryggefjell frå parkering Innleggen

Turen opp er 4.2 km og du må klatre 430 høgdemeter. Gåtid er 1.5 til 2 timar. Fyrste del av turen går over den flate, breie fjellhylla Sletteliberga med flott utsikt over Bøbygda. Her er ein fin rasteplass. Vidare er det lang oppstigning på god sti og seinare over bratte sva. Etter frostnetter kan dei våte svaberga vera glatte, særleg den vestre stien øvst i Bryggefjelliane. Store, nakne svaberg oppe på fjellryggen er eit minne frå siste istid. Bryggefjellnuten og Skjenan er turmål med utsyn som kan ta pusten frå deg.

## Rundtur på Bryggefjell

Ynskjer du ein krevjande rundtur, kan du halde fram frå Bryggefjellnuten vestover forbi Skjentjønn og ned i den bratte og tronge Tjønnsuldalen. Her er det gamal grov granskog og ei blinkande smal tjørn. Nedst i dalen kan du ta ein avstikkar til plassen Ånto. Lenger ned i Langeskora går stien bratt opp til Dingdangkyrkja og tilbake til Kolahuset og Innleggen. Rundturen tek 4-6 timar.



*På Skjenan. Til høgre Skjentjønn, Bryggefjellnuten bak. (Foto Bergit Li)*

## Husmannsplassar

På Sletteliberga har det vore fleire plassar: Sletteli og tre Lieneplassar. Ovafor Kolahuset låg plassane Slåtta og Bakken. Namnet Kolahuset fortel at trekolbrenning har vore vanleg i dette området. Nede i Tjønnsuldalen låg Tjønnsdul, Kompånholet, Ånto og Flugopp. Nedst i Langeskora finn vi plassane Langeskor og Langeskorenden.



*20 år jubileumsvarde til Bø Turlag på Bryggefjellnuten. Utsikt mot Bø. (Foto: Arne Hjeltnes)*

## Dingdangkyrkja

Dingdangkyrkja er ei hole under ei stor steinblokk som har rasa ned frå fjellsida. Segna fortel at det i løynd blei halde katolske messer her etter reformasjonen.

## Tur til husmannsplassen Ånto frå Breskelia

Frå parkeringsplassen i Breskelia følgjer du traktorvegen opp og forbi segnsteinen "Bakstekjerringa". Vidare oppover frå Langeskor følgjer du ei brei fjellhylla med utsikt over bygda. Vi passerer Treskjeberget og Hestesvea og kjem fram til Ånto, om lag 3 km frå parkeringsplassen. Høgdeforskjellen er 350 m, og turen opp tek omlag 1.5 time.

## Flora

Orkideen søstermarihand er fylkesblomsten vår, og ho er freda. Tidleg om våren står den i full blom i Langeskor.

Her finn vi óg vårmarihand og brudespore. Kystplanta sørlandsvikke har funne seg ein leveplass her oppe.

Sjeldne og raudlista sopp- artar finst i Tjønnsuldalen, som lys hårkjuke, rosenkjuke og rynkeskinn.



*Orkideen Søstermarihand. Foto Arne W Hjeltnes*